

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norway

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

BESØKSADRESSE:
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201400563-35

STAD/DATO:
Gaupne, 18.12.2018

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENT FOR NIDELVA

Viser til konsesjon for Bratsberg kraftverk, KGL res. 31.5.1974, som set minstevassføringa for Nidelva til 30 m³/s. I same avsnitt seier konsesjonen at regulanten kan søke dispensasjon frå dette kravet til å gå ned til 22 m³/s i periodar med revisjonsarbeid i Svean kraftverk.

Svean kraftverk hadde ein stor vasslekkasje på trykksida den 27. november 2018. Denne hendinga var særst uventa, og resulterte i mykje vatn i stasjonen. Det er, vil bli, og har vore mykje arbeid for å få stasjonen i trygg drift att, og dei endelege konsekvensane er enno ikkje heilt kjende. Det er såleis usikkert når eit eller kanskje fleire aggregat i Svean vil vere driftsklare att, men ein høgst usikker prognose peikar mot slutten av februar.

Minstevassføringa er for tida oppretthalden ved køyring i Løkaune stasjon og tapping. Løkaune har maksimal slukeevne på 22 m³/s og vi må tappe i tillegg over 10m³/s. Vi er no inne i ein periode der vasstanden i Selbusjøen resulterer i lægre vassføring frå Løkaune (15m³/s i dag), og kanskje periodar der vi må stoppe. For å få redusert det samfunnsmessige tapet av kraftproduksjon med Svean ute av drift, søker vi hermed om å kunne fråvike frå manøvreringsreglementet sitt krav om minimum 30 m³/s vassføring, ned til 22 m³/s som nemnt i konsesjonen. Dette samsvarar noko betre med vassføringa i Løkaune, og vil samstundes gi mindre tap av verdiar i periodar Løkaune må stå grunna låg vasstand ved Hyttfosdammen. Vi søker frå no av og fram til 1. mars.

Nedkøyringa vil skje gradvis for å unngå stranding av fiskeyngel.

Vi er no inne i dei kaldaste vintermånadane og alle vassdrag har låg naturleg vassføring. Sjølv om omsøkte 22m³/s er litt lægre enn gjennomsnittlege vinter verdiar for tilsiget inn til Selbusjøen, er det naturlege tilsiget til elva ofte nede i dette, og under i vinterperioden. Vi vurderer derfor at reduksjonen ikkje vil ha noko vesentleg miljømessige konsekvensar.

Av omsyn til lakseførande strekning nedstrøms Nedre Leirfoss vil vi nytte Bratsberg kraftverk til å halde 30 m³/s kravet på denne strekninga.

Vi håpar på snarleg svar for å eventuelt kunne redusere konsekvensane av denne uventa situasjonen.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi (sign.)